



Sak nr 19/2011

Møtedato: 27.4.11

Møtestad: Slidretun

Arkiv nr: S974

S 974, Kvalsstølen – søknad om tilbygg på sel og fjøs

Steinar Lagrud søker om å føre opp til bygg på sel og fjøs på stølen. Teikningar og kartskisse er lagt ved søknaden.

Lagrud ynskjer å bygge på fjøset med ein mjølkestall på 52 m² og eit tilbygg på selet med 11,4 m² beståande av bad, vaskerom omkleddingsrom. I følgje stølsregisteret er det på stølen sel på 76 m² og fjøs på 59 m², med mjølkerom på 14 m² (alle mål er BYA, bebygd areal).

Søkjaren opplyser at stølen blir brukt til mjølkeproduksjon, beite og fôrproduksjon. Landbrukskontoret stadfestar desse opplysningane.

Stølen er i bruk til mjølkeproduksjon og er i bruk etter fjellova. Støl som er i bruk skal behandlast etter §10 i stølsforskrifta: *Etter søknad som fjellstyret avgjer, kan seterbrukaren setje opp, utvide og endre hus for ei rasjonell utnytting av utvist seter. Fjellstyret skal ta stilling til kva slag og kor mange hus som trengst, deira storleik og standard eller anna, og kan setje vilkår for oppføring, utviding og endring av hus. Fjellstyret skal leggje saka fram for Statskog SF til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak etter dette leddet.*

Om fjellstyret vil krevje at hus eller anlegg som alt står, skal rivast, må fjellstyret leggje saka fram for regional kulturminnestyresmakt til fråsegn før fjellstyret gjer vedtak. Det same gjeld ved nybygg og endring eller utviding av hus på seter, der dette vil påverke eksisterande kulturmiljø.

Statskog gir følgjande uttale i brev datert 14.4.11:

Dette er en av få søknader der man klart ser et behov for tilbygg, i henhold til drifta på stølen.

Tradisjonell mjølkeproduksjon på støler er i sterk tilbakegang. Derfor er det særdeles viktig å kunne legge til rette for videre drift.

Bygningsmassen på stølen utvides fra 149 m² til 212,4 m² Seterforskriften § 10, viser til at fjellstyre skal avgjøre om seterbrukeren kan sette opp, utvide og endre hus til en rasjonell utnytting av utvist seter.

Statskog mener utvidelse som omsøkt, er en rasjonell utnytting av utvist seter. På bakgrunn av dette tilrår vi fjellstyre i Vestre Slidre å gi tillatelse til påbygg av både sel og fjøs.

Oppland fylkeskommune gir følgjande uttale i brev datert 11.4.11

Vurdering

Det er positivt at stølen er i bruk. Stølsbrukaren har grunnleggjande behovet for det omsøkte tiltaket, og det vil etter vår vurdering bidra til å sikre vida re drift på stølen.

Seterhus er ofte enkle bygningar. Ved endringar på bygningsmiljø i slike områder er det derfor viktig å ta omsyn til og vidareføre tradisjonane. Når det er behov for meir areal er det også viktig at tradisjonen i området følgjes, og tilbygg til seterhus bør derfor underordne seg den eksisterande bygningen.

Det manglar fotodokumentasjon av stølen, men det er vedlagt kartskisse som viser plassering av bygningane og teikningar av dei planlagde tilbygga. Dei vedlagte teikningane viser at dei planlagde tilbygga vi i underordne seg dei eksisterande bygningane på ein god måte. Det omsøkte tiltaket vil etter vår vurdering derfor ikkje ha negativ påverking på det eksisterande stølsmiljøet. Vi ynskjer likevel å gjere merksam på at det er viktig at material- og fargebruk blir i samsvar med tradisjonen.

Konklusjon

Oppland fylkeskommune vil ikkje motsette seg at det blir gitt løyve til tilbygg på selet og på fjøset på Kvalsstølen som vist på teikningane som er lagt ved søknaden.

Vedtak:

Fjellstyret finn at det er behov for dei omsøkte tilbygg og godkjenner søknaden etter § 13 i stølsforskriftene.

Etter § 10 i fjellova tek fjellstyrevedtaket til å gjelde 4 veker etter at det er gjeve melding om vedtaket. Byggeløyvet er ikkje gyldig før kommunen har godkjent søknaden. Dersom bygginga ikkje er starta opp innan 3 år fell løyvet bort.

I følge §28 i forvaltningsloven kan vedtaket klagast over. Eventuell klage skal sendast Vestre Slidre fjellstyre innan 3 veker frå mottak av dette vedtak.

Vedtaket er einstemmig.

Vestre Slidre fjellstyre den 28.4.11

Harald Ranum
sekretær

Utskrift: Steinar Lagrud
Vestre Slidre kommune
Oppland fylkeskommune
Statskog